

Grupperettleiing for LIS1-legar i kommunehelsetenesta i Sogn og Fjordane og Hordaland

Fylkesmannen har i mange år fått oppdrag frå Helsedirektoratet å gi dykk kurs i akuttmedisin og offentleg helsearbeid i tillegg til grupperettleiing i den kommunale delen av LIS1-tenesta. I byrjinga var det tenkt som tiltak for å betre rekrutteringa til primærhelsetenesta og for å kvalitetssikre det som tidlegare heitte turnustenesta. I dag er det ein del av utdanningsløpet og det er kome klare føringar på kva læringsmål og læringsaktivitetar de skal gjennom på dei ulike kursa og samlingane.

Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vart slått saman til Fylkesmannen i Vestland frå 1. januar 2019. Målsetjinga er at vi skal ha med oss seks engasjerte fastlegar som rettleiarar. Vi planlegg dette halvåret to samlingar for LIS1 i distrikt. Den første samlinga vert ein dag i tilknytning til kurset i offentleg helsearbeid. Den andre samlinga vert over to dagar med ei overnatting. Tidspunktet og stad for den andre samlinga er ikkje bestemt. Grupperettleiinga oppfyller fleire av læringsmåla ein treng som LIS1 og oppmøte er **obligatorisk**. Dersom det oppstår sjukdom eller andre grunnar til at de ikkje kan delta, må de ta kontakt med ansvarleg for samlinga ved Fylkesmannen, assisterande fylkeslege Linda Svori, for å avklare vegen vidare og diskutere alternative måtar for å oppnå læringsaktivitetane. Arbeidsgivaren *skal* gje fri for desse møta.

Dersom de skal køyre bil til samlinga, er det fint å hugse på at det er miljøsparande å køyre saman. Ta difor kontakt med LIS1 i nabokommunen for å avklare reisemåte.

Vårt fyrste møte med dykk vert på **Leikanger fjordhotell onsdag 03. april 2019.**

Sjå gjerne <http://www.leikanger-fjordhotel.no/no/>

De får enkel servering på kvelden 02. april dersom de har lang reiseveg og treng å kome kvelden før. Hotellet ligg ved fjorden med kort veg til ulike turstiar, så hugs å ta med fritidstøy dersom de ønskjer å gå ein tur etter samlinga. Ein dukkert i fjorden er litt tidleg for dei fleste av oss, så badetøy er ikkje nødvendig. ☺

Program

Onsdag 03. april

09.00 Velkommen

Rettleiarane si rolle. Forhold til kommunal rettleiar. Reiserekningar. Gjennomgang av læringsmål/aktivitetar for samlingane og i kommunen.

10.00 Inndeling i grupper

Kva ønskje har LIS1 for denne rettleiinga? Kvaliteten på mottak i kommunane og rapportar om problem. Korleis er det i min kommune og kva med arbeidsforholda mine? Runde med bidrag frå alle.

12.30 Lunsj

13.30 Avtaleverk, SFS 2305 m.m. v/Kristine Longfellow

14.15 Kaffipause

14.30 Innleiing på temaet støttekollegaordninga i DNLF v/ støttekollega og fastlege Thomas Vingen Vedeld. Diskusjonar etter kvart i grupper

16.30 Program slutt

20.00 Middag

Vi håpar at fleire av dykk allereie er observert under konsultasjon når vi møtest i Leikanger. Ta dette opp med den lokale rettleiaren din.

Endringar kan komme til. Har nokon av dykk idear eller tankar om tema du har lyst til at vi skal ta opp er vi opne for det, det er berre å ta kontakt.

Rettleiinga i 2019

Gruppene er lukka fora der vi har teieplikt og tillit til at det som vert sagt ikkje kjem ut. Dette medfører at også vi som gruppeleiarar har teieplikt i høve til det som vert sagt i gruppa.

Gruppene er **ikkje** ein stad der vi skal vise kor flinke vi er. Vi håpar samlingane kan bli ein møteplass der vi kan fortelje om våre faglege nesten-feil og feil, og kanskje le litt av dei, men også ein stad der det er lov til å fortelje historiane om noko vi syntest vi fikk bra til.

Samlingane skal ikkje erstatte den rettleiinga av reint fagleg karakter som de skal ha på tenestestaden, men skal gje høve for LIS1 å møte kollegaer i same situasjon og utveksle erfaringar ved ulike sider av tenesta med kvarandre og med rettleiarane. Mange LIS1 synest at dette halvåret i distrikt kan vere ein krevjande periode. Gruppene vil kunne gi auka tryggleik og trivsel i jobben, noko som vil vere bra både for dykk og pasientane. Evalueringane tyder på at deltakarane har hatt godt utbytte av møta. Det finst formulert målsetting og rettleiar for den tenesta de er inne i no. Desse ligg på nettet.

Erfaringar frå tidlegare LIS1 – røynslar om tilrettelegging

Ut frå erfaringane til dei tidlegare gruppene vil vi komme med nokre råd alt no. Nokre LIS1 slit med at papirarbeidet stig dei over hovudet. Vi reknar at ein LIS1 bør sette av nokre timar per veke til papirarbeid og andre administrative oppgåver – i arbeidstida.

Nokre har etterlyst meir systematisk rettleiing på kontoret. De bør vite at lokal rettleiar får godtgjort for tre timar per veke for å ha LIS1-lege. Det kan være ein utfordring å ta opp med rettleiar korleis timane skal disponerast. Vår erfaring er at dei færreste av dykk vil få så mange timar med direkte rettleiing, men ein time strukturert samtale per veke er vanleg. Resten vert gitt som ad hoc rettleiing. Nokre LIS1 har fått direkte klinisk rettleiing ved å sitje inne hos rettleiar og sjå på han/ho behandle nokre pasientar. Ettersom vekene og månadane går, har dei sett nye ting i konsultasjonane som dei ikkje var klare for å sjå tidlegare. Ikkje gløym at det òg kan vere svært lærerikt at rettleiar observerer deg under ein konsultasjon og gjev seg tid til tilbakemeldingar etterpå. Vi forventar òg at LIS1 i løpet av dette halvåret vert observert i minst ein heil konsultasjon av rettleiar med tid til å snakke gjennom konsultasjonen etterpå (klassisk debriefing: kva følte du, kva var bra, kan du eventuelt gjere betre – gjer det i denne rekkefølga!).

Vurder også om de skal be rettleiar om raskt å få tildelt ei gruppe kronikarar dette halvåret slik at de ikkje bare blir sittande med akutthjelp-pasientar. Det vil også gi nyttige erfaringar om kva kontinuitet betyr i arbeidet med pasientar i allmennpraksis.

Det ser ut som om fastlegeordninga har medført at det på nokre stader blir lite pasientar for LIS1. Det er ikkje fleire pasientar enn at dei faste legane vil ha dei sjølve. Andre LIS1

rapporterer om stor forskjell på arbeidsbelastninga frå dag til dag. Dette er forhold de raskt bør forsøke å ta opp der de er utplassert om de opplever det slik.

Nokre råd frå tidlegare LIS1

- Dersom arbeidssituasjonen din flyt og ikkje er organisert i starten: ta straks tak i det overfor rettleiar og få sett ting i system.
- Ikkje tru at du får med deg all informasjonen som fløyamar over deg dei første par-tre dagane. Gå ei ny opplæringsrunde etter eit par veker.
- Det gir stort utbytte og auka tryggleik dersom du kan sitje hos ein kollega på eit par legevakter i starten før du sjølv må byrje med egne vakter.
- Forsøk å unngå å berre bli sitjande med fulle kliniske dagar, de skal også få noko førebyggjande arbeid (helsestasjon, sjukeheim, smittevern osv).
- Lær deg takstheftet - med hjelp frå rettleiar.
- Du bør ha minst ein time fast rettleiing pr veke.
- Ta inn ekstra mange til kontroll i starten for å lære om naturleg forløp av sjukdom.
- Reis i sjukebesøk til gamle og kronisk sjuke.
- Start å dokumentere læringsmål/aktivitetar i portalen frå starten.

Heimearbeid til 1. samling:

Vi ber dykk forberede nokon tankar/ skrive ned nokon notat om kva forventningar de har til perioden de har i allmennpraksis, korleis er de blitt teken imot, kva ønske de har for grupperettleiinga og korleis fungerer rettleiinga i kommunane.

Det er også fint om de gjer dykk opp nokre tankar og noterer litt om kvifor treng vi støttekollega, kva tenkjer de er deira oppgåve og kva situasjonar kan det vere viktig å kople dei på.

Vel møtt 03. april!